Venteliste for fjellsportsamlinga

11.05.2010

Fjellsportentusiastar frå Bergen ved Fjellandsbø. I pinsa kjem dei frå heile landet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Interessa for den nasjonale fjellsportsamlinga i Uskedalen i pinshelga har vore svært stor og det kjem folk frå heile landet.

Det er sett eit tak på 50 deltakarar og no er det venteliste, fortel Knut Aksel Rydningen i DNT Fjellsport i Bergen til uskedalen.no

Rabben Feriesenter blir base og samlinga startar fredag 21. mai.

Dagen etter blir turdag og arrangøren byr på eit turprogram som skal passa for dei fleste. Dei rekner med å gjennomføra bretur til Folgefonna, toppturar på ski og til fots i Rosendalsalpane, klatredag i Ulvanåso og padletur på fjorden. Om kvelden er det leirbål og grilling.

Sundag blir turprogrammet omtrent som laurdag. Truleg blir det også eitpar seminarar med fjellsportfaglege tema.Om kvelden står ein skikkeleg fjellsportfest på programmet og då blir det mellom anna tevlingarog kåringar! Måndag er heimreisedag, men dei som har tid kan sjølvsagt dra ut på tur også denne dagen.

Av Ola Matti Mathisen